

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 39.

Fylke: Møre og Romsdal.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: F r æ n a.

Emne :

Bygdelag:

Oppskr. av: Hans Haukås

Gard:

(adresse):

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Både forteljing og røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

- Sp.1. Det var grannekoner, venniner og slektningar. som kom med Sengamat.
- Sp.2. Jammast kom dei åleine-men kunde og koma eit par ilag.
- Sp.3. Det var sjeldan avtala fyreat
- sp.4. Jammast ei 8 dagar etter fødselen.
- Sp.5. Det var vanleg ein gong
- Sp.6. I eldre tid var det vanleg rømmegraut.
- Sp.7. Kom dei fleire gonger hadde dei ei god kake 2 dre gong.
- Sp.8. I eldre tid var amber-Dall-Seinare ein fin Terrin-Komme-av porselen eller steinty.
- Sp.9. Det var kalla Sengemat-eller barselsgraut.
- Sp.10. Det var helst kona sjøl som skulde gå. men det hende at ho kunde senda beininga.
- Sp.11. Mannen skulde aldri vera med før i tida.
- Sp.12. Dei skulle ha kaffi og finbrød-før au ein dram. Det var ingen skildnad om det var gut eller jentebarn
- Sp.13. fødselsgilde-Nybarnslag-
- Sp.14. Barselkona var vanelg oppe att, når beiningann kom. og noko "konemåttid" etterpå er ikkje kjend.
- Sp.15. Ogso ugifte venniner gjekk med sengamat, men ikkje graut.
- Sp.16. Det er endå so ymse, sume kjem med graut-men no er det vorte mest kaker av ømse slag og blomster.- ikkje søstsupe-Det er rekna for skralt.
- Sp.17. Dei kunne ha med eit kleplagg til barnet.
- Sp.18. Det er omlag likeeins no. Men det er fåare som går. No er det helst slike som er skyldig Sengamat (Dei har fått sjølve før) og so slektningar.
- Sp.19. Når barnet vert døypt er det jamt bars-øl.
- 20.
- Sp.21. Gjestane har med ei lita beining.
- Sp.22. Det er berre gifte folk som er med i bars-ølet, som har med beiningar-ikkje ungdom.
- Sp.23. Det er slik endå. Men alle faddrane må gje ei gåve
- B. Fødselsdag.
- Sp.24. For ei 50 år sidan var det ikkje vanleg med selakap.

korkje for born eller eldre.

Sp.25.Det var berre ved høg alder og i serlege høve-ikkje kvart år.

Sp.26.Dei som sender helsingar, telegram eller gaver vert bedne, og so nere slektningar.

Sp.27.Det er skikk å gjeva ei lita gåve eller blomster. Men kven somhelst gjer det.

Sp.28.I eldre tid var det festmat-serleg rømmegraut og øl.

Sp.29.No er det jamnast kaffi og all slags kaker og på toppen blautkake-men ogso sjokolade.

C.Konfirmasjon.

Sp.30.Det var inga feiring med fest, men konfirmanten fekk gavor frå faddrane og slektningar. Og kom dei med gáva i heimen fekk dei vanleg traktering.

Sp.31.No held ein lite lag. Det er berre ei 5-10 år sidan det vart vanleg.

Sp.32.Slekt-faddrane og dei som har sendt telegram og gaver.

Sp.33.Gjestane har ikkje med matsendingar.

Sp.34.Kjende, slektningar-gjev

Sp.35.Ein har ein god middag og eit fint kaffebord.

D. B r y l l u p .

Sp.36. Forlovelsesgilde er blitt litt brukt i det siste i sume høve-men er ikkje vanleg.

Sp.37.I eldre tid -for eit hundrad år sidan var det vanleg på gardane.

Sp.38.I ein bryllupsgard i eldre tid var det ikkje faste måltider. Maten var på bordet heile dagen-d.v.s.vanleg turmat, mjølk, øl, kaffe. Ein gjekk til bords når ein ynskte. Det var berre hovudmåltida som var faste.

Middagen første bryllupsdagen var kjøt-sådd. Elles var det turmat, men til turmaten hadde ein graut -kald- med rosiner og anna krydde i-dei kalla han Gomgraut. So var det lefser og vafler, smør ost, spikekjøt.

Utover natta fekk ein og mat om ein vilde. Men dei eldre karane sat då ved punsjen. Attåt hadde dei trevaser med oppskore spikekjøt på.

Middagen andre dagen-då brurfolket kom frå kyrkje, var det rømmegraut-eller graut med rømmegrautfeitt på-bruragrauten-Kjøkemeisteren song då folket inn. Ei av kjøkemeister-visene lydte slik:

"Når kroppen er sulten blir ånden så kjed,

da grøden på bordet man fryder seg ved, ti den er oss alle til glede.

La grøden jer smage-ja ære den gjør. Den koktes på ilden, så er den vel tørr. La feittet da rigligen flyde. Velkommen, velkommen da kvinne og mann, enhver udi rang eller stilling og stand, som gjester I alle er budne."

Brur og brudgom skulde då sitja ved bordet til alle hadde fått graut. Då kvar bordsetnad hadde ete ropa kjøkemeisteren opp gjestane kring bordet. Han hadde ein stav i handa. So sat det ein kar og skreiv. Kjøke-

meisteren slo i bjelken og spurde :Kva skal brurfolket

ha i skåla.

Han tok då jamt til med foreldra og neraste skyldfolket
åt brurfolka. Og so svara dei kvar einskild.

t.d.ei halv tunne bygg-ein grå sau--eit torskegarn-
o.s.b.Og han som sat og skreiv -skreiv då det ned etter
kvart.Slik gjekk det for seg for ei hundrad år sidan.
Dei fleste gav då korn,sauer,og lausøyre.Dei andre gav
pengar.

3 dje bryllupsdagen var restane sin dag.Kjøtsådd,rømme-
graut -som var att -og elles turmat.

Hjelparane hadde oftast ein ettermiddag lag nokre dagar
etter brylluppet.

Sp.39. Sendingane var Grautemne: Ei 3-4 liter nymjolk, og
1 liter rømme. Ei stor korg-kalla beiningskorg-med
vafler, lefse-ost og smør. Smøret og osten var jamt forma
i utskorne treformer.

Sp. 41. Han samla ikkje inn kjøt-men han kunde tinga
noko ettersom dei trong-og folk hadde råd for.

Sp.42. Sendingane var her kalla beining-

Sp.43. Alle som gjekk til brylluppet tok beininga med.

44. Men når det var fleire dagars bryllupp, og grauten var
andre dagen, tok dei ikkje med Grautemnet. Det kom då
døtra på garden eller tenestjenta med på føremiddagen.
Og ho var då i brylluppet til ut på natta. Ho skulde
vera med i dansen, smaka grauten og maten.

45. Dei som kom med beininga fekk jamt noko med hein, og
det skulde vera ein smak av grauten, med.

Sp.46.

Den kvinna som stod for matstellet i det heile var
kalla Matmor. Og det var ho som koka grauten. Oftast
var det ei som var kjend som dugande og var i alle
bryllupp vide i kring

So vart i seinare tid ei som stod for å koka kaffien.
Kaffikokar. So var det ei som tok mot Beiningane og
ga attilegg.-Beiningskona. Dei som servera var unge
konor eller jenter.-Bordtaus-matjenter. Her var ikkje
brukt -reidekone.

Sp.47. Sume av storgardane har endå fleire dagars bryllupp
men det vanlege er no ein dag.

Sp.48. Å halda bryllupp på hotel er endå berre unnantak.

Sp.49. Å gifte seg utan å halde bryllupp er og berre
unnantak.

Sp.50. Dei fær brudegåvene etterpå. So held dei eit lite
lag for dei som har gjeve gaver

Sp.51. Ikkje kvart år-berre -sølv og gullbryllupp.

E. G r a v ø l.

Sp. 52. Slekt og grannar blir bedne. Sume går kring og
bed-men no er det mest gjenom blada.

Sp.53. Før kunde gravølet vara i to dagar. No er det
jannast frå middag til kvelds.

Sp.54. Var det fleire dagars gravøl, var det kjøtmiddag
Det var jamt servera ved langbord og gjestane sat.
No er det berre kaffibord i gravøl.

Sp.55. Det er ikkje kjent, men rømmegraut var ikkje nytta

Sp.56. Det er ikkje kjent.

Sp.57. Var det liten plass i heimen, kunne serveringa vera
på ein grannagard-eit ungdomshus eller bedehus.

Men den døde var jannast syngen ut frå heimen.

Sp.58. Gjestane tok beininga med.

4
Sp. 59. Dette er ikkje kjent.

Sp. 60 og 61 do.

Sp. 62. Eit retteleg gamalt gravøl tok til t.d. ein fredag ettermiddag. Då kom slektningane, læraren i grenda og grannane til heimen og fekk eit måltid, når dei anten ordna liket eller la det i kista. Det var då eit par drammar på kvar og øl attåt.

Neste dag var gravferdsdagen. Då var det først turrmat eit måltid. So var det kjøtmiddag, so var liket songe ut. Var det lang veg til kyrkja fekk ein kaffe og turrmat før ein kjørde til gravplassen. Og mannfolka fekk ein dram.

Når liket var nedsett fekk dei som vilde ogso ein dram før ein tok på heimvegen.

Heime var so turrmat-og mjølk-kaffi-sjokolade etter smak.-seinare varmt øl. Ungdomen leika i ei stova-og det var heller ikkje fritt for dans, utover natta.

Neste dag var det først turrmat-so middag av same slag som dagen før. Og tilslutt turrmat og kaffe.

Det første av dette som bort var drammen og ølet.

Seinare kom middagen bort-og det vart gravøl berre ein dag. Og maten vart berre turrmat med kaffe, mjølk og sjokolade.

Sp. 63. Det vart slutt til vanleg med alkohol.

Sp. 64. Her har det helde seg lengst med ølbryggjing og alkohol i bryllupper. Det heng att endå.

Sp. 65. No er det berre eit måltid før ein reiser til kyrkjegarden-- og eit når ein kjem heimatt.

Sp. 66. Det er reine unnatak, at mannfolk kan få ein dram.

Sp. 67. Gravølsmiddag på hotell er ikkje kjend her.

Sp. 68. for ei 20 år sidan.

Sp. 69. som 68.

F. N y e F e s t a r:

Sp. 70. Ingen tradisjon, når det gjeld maten. Men det var vanleg å dram til 17de mai.

Sp. 71. Det er vorte vanleg-for ca. 10 år sidan.

Sp. 72. Nei ikkje med noko lag-

Sp. 73. Ikkje visse rettar-men jamnast formkaker.

Sp. 74. Jamnast baker ein sjøl. Blada og radioen gjer sjølsagt mykje

Sp. 75. Gjennom blada.